



Retningslinjer og kriterium for tilskot til kulturminnevern

ID:105124 | Forfatter: Joakimsen, Ragnvald | Godkjent av: Sentraladm., Ass. Rådmann (Joakimsen, Ragnvald) | Status: publisert | Oppretta: 1.2.2016 | Sist endra: 1.2.2016 | Revidert: 1.2.2016 | Neste revisjon: 31.1.2017 | (Teknisk og næring, Landsbylos (Handegard, Sigrid Brattabø)) | Endringsnivå: Revisjon | Utgåver: 1 | Losen-lenkje: 129x105124

Målsetjing for tilskotsordninga:

Tilskotsordninga med kulturvernmidlar skal fremja vernetanken i kommunen. Kulturvernmidlane skal stimulera til å ta vare på og sikra det lokale kulturmiljøet, både når det gjeld bygningar, andre kulturminne og kulturlandskapet som heilskap. Kulturvernmidlane skal også stimulera til kunnskap om historia og gjera den meir tilgjengeleg. Tilskotet er eit oppmuntringstilskot og skal ikkje vera ei 100% finansieringsordning for private restaurerings- eller formidlingsprosjekt.

Kriterium for tilskot:

Generelt kan ein leggja grunnleggjande vernekriterium til grunn for utval av søknader det vert gjeve tilskot til. Det er korkje mogleg eller ynskjeleg å gje tilskot til å ta vare på alle bygningar og kulturminne. Det vert berre gitt tilskot til innvendig restaurering ved spesielle høve. Midlane vert fordelt mellom private søknader og tilskot til kommunalt prioriterte tiltak innan kulturminnevern, jamfør kommunedelplan for kulturminne.

Utvalet er basert på kriterium som:

- Alder: det er spesielt viktig å verne dei bygningar/kulturminne/objekt som har høg alder.
- Representativitet: utvalet må vera representativt for ulike tidsperiodar og funksjonar. Ved mange søknader vil kommunedelplan for kulturminne gje ein peikepinn på prioriterte områder.
- Bruksverdi: kartlegging av opphavleg eller ny bruk av bygning/kulturminne.
- Historisk kjeldeverdi/symbolverdi: kunnskap om fortida og/eller symbol for ei historisk hending.

Det vert lagt vekt på:

- Søkjaren si tilknytning til kommunen
- Estetiske og autentiske verdiar
- Tilgjenge: geografisk plassering av bygning/kulturminne/objekt, høve for publikumsvitjing.
- Andre særskilte prosjekt eller planar som t.d. del av verneverdig bygningsmiljø, større prosjekt i regi av fleire eigarar, prosjekt som vert sett i verk av lag/institusjonar og til vedlikehald av kommunal eigedom/tiltak i kommunedelplan for kulturminne.
- Når det gjeld formidling vil prosjekt som er av allmenn interesse verte vektlagt og ikkje for spesialiserte prosjekt som berre er tilgjengeleg for nokon få.

Det er mogleg å søkja innan tre ulike grupper for kulturvern:

1. Istandsetjing av bygningar: prioritering etter ovannemnde kriterium.
2. Istandsetjing av andre kulturminne, kulturlandskap, anlegg, vegar, område og objekt med særleg verdi.
3. Formidlingsarbeid innan kulturminnevern. Det kan til dømes vera foredrag; informasjonstavler, utstillingar, dokumentasjonsarbeid og tradisjonsbaserte kurs.

Generelt om tilskotsordninga:

Tilskotsordninga vert kunngjort ved oppslag og annonsering i lokalavis. Det vert gjeve tilsegn til prioriterte søknader for fylgjande år. Tilskota vert løyvde med bakgrunn i godkjent kostnadsoverslag, der også utgifter til planlegging kan vera med. Arbeidet må utførast i løpet av eit år, eller to år for meir omfattande arbeid. Ein kan søkje om utsetjing, men dette må grunngjevast godt. Når arbeidet er utført skal det godkjennast av

sakshandsamar, evt. ved synfaring. Når det gjeld restaurering av bygg, er det eit vilkår at den som får tilskot fylgjer antikvariske retningslinjer i arbeidet med istandsetjing, materialbruk og liknande. Desse retningslinjene går stort sett ut på at minst mogleg skal utskiftast av det gamle, og at delar som må skiftast skal erstattast med ein kopi av det opphavlege.

Utbetaling:

Kommunen utbetalar tilskot til dei prioriterte tiltaka så snart sakshandsaminga er avslutta. Dersom det dreier seg om større og omfattande prosjekt, kan minst 25% av tilskotet heldast attende inntil arbeidet er ferdig og sluttrekneskapen er godkjend. Alle større prosjekt må sende rekneskap. Det er sakshandsamar sitt ansvar å opplyse om når dette er naudsynt. For alle prosjekt gjeld det at tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attendebetalt, dersom tiltaket ikkje er gjennomført i samsvar med plan og vilkår for løyvinga.

Krav til søknad :

Både einskildpersonar, lag eller organisasjonar kan søkja, men må ha skriftleg avtale med grunneigar i dei prosjekta dette er naudsynt. Tiltaket må vera i samsvar med gjeldande kommunale planar. Ein må nytte eige søknadsskjema, og sette seg inn i gjeldande retningslinjer. Jondal kommune v/rådmannen kan bestemme at søknadsskjema på nett skal nyttast for alle søkjarar. Dersom det blir innført slik ordning kan ein få hjelp til utfylling på kulturkontoret. I nokre tilfelle vil gjeldande søknadsskjema bli ei for snever ramme. Når det gjeld søknader som går på formidlingsarbeid kan ein t.d. utforme ein eigen prosjektsøknad. Kostnadsoverslag for restaurering av verneverdige/ freda bygningar skal vere utarbeidd av bygningskyndig.

Vedlegg til søknad:

- Kart, fotodokumentasjon (alltid påkravd når det gjeld bygningar), eller andre naudsynte vedlegg.
- Ved fellestiltak skal skriftleg avtale om fordeling av kostnad, ansvar, eventuelle vilkår og løyve frå grunneigar(ar) vere vedlagt.

Dersom søknaden er mangelfull, kan ein ikkje rekne med å bli teken med i vurderinga.

Søknadsfrist 1. november kvart år

Jondal kommune skal samordne og prioritere lokale søkjarar i høve Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning til kulturverntiltak, og må difor ha søknader inne i god tid før deira årlege søknadsfrist 1. desember.

Rådmannen avgjer fordelinga av tilskot, og vedtak kan påklagast til Jondal kommune innan 3 veker etter at vedtaket er kjent for søkar.

Vedlegg

Bilete og illustrasjonar

o bilete knytt til